
Fra: Atle Utkilen <atle@adu.no>
Sendt: onsdag 23. mai 2018 12.08
Til: Christian Hagerup Reinshol
Kopi: Geir Kjeilen
Emne: Re: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen - Oversendelse reviderte dokument
Vedlegg: 2010323_Reg_plan_23_05_2018.pdf; PlanId_201105_pnr2010323-Regplan-VEDTEKTER_23_05_18.docx; PlanID201105_pnr2010323_Planskildring_23_05_2018.docx; PlanID201105_pnr2010323_Planskildring_23_05_2018.pdf

Då forsøker eg med ein ny revisjon og merka 23.05.2018
Vonar at det no er litt håp.

 Med vennleg helsing

Atle Utkilen
Mob 970 67 161

Fra: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Dato: tirsdag 22. mai 2018 12:31
Til: LPP Nordhordland <atle@adu.no>
Kopi: Geir Kjeilen <geir.kjeilen@online.no>
Emne: SV: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen - Oversendelse reviderte dokument

Hei,

Du kan bruke generell arealkode for «Bruk og vern av sjø og vassdrag» (6001) i staden for småbåthamn. Då har ein eit generelt føremål på sjøområdet og eventuell eksisterande bruk kan vidareførast. Fylkesmannen vil ikkje akseptere bruk av definisjonen småbåthamn då dette indikerer at det kan etablerast småbåthamn her.

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 62
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Atle Utkilen [<mailto:atle@adu.no>]
Sendt: tirsdag 22. mai 2018 07.45
Til: Christian Hagerup Reinshol

Kopi: Geir Kjeilen

Emne: Re: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen - Oversendelse reviderte dokument

Hei

Eg legg ved:

- Plankart pr 14.05.18
- Føresegn pr 14.05.18

I kart er veg ut til kai fjerna.

I føresegn har vi lagt inn nytt kart.

Eg vart litt usikker på om du meiner at vi skal ta bort føremål Småbåthavn? Dersom ja, kva føremål skal då området ha?

Område er idag eit eksisterande naustområde.



Fra: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>

Dato: fredag 11. mai 2018 11:41

Til: Geir Kjeilen <geir.kjeilen@online.no>

Kopi: LPP Nordhordland <atle@adu.no>

Emne: SV: SV: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen

Ok, gode greier! Eg reknar med at det skal gå greitt med Fylkesmannen då. Få det over, så skal eg sende vidare til Fylkesmannen når eg er tilbake. Eg har prioritert tid til dette for å få med saka før sommaren, så om Fylkesmannen oppfører seg no så skal dette gå fint i boks. ☺

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 56 62

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Geir Kjeilen [<mailto:geir.kjeilen@online.no>]

Sendt: fredag 11. mai 2018 11.04

Til: Christian Hagerup Reinshol

Kopi: Atle Utkilen

Emne: Re: SV: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen

Hei.

Har snakka med Atle om dette.

Me tek vegen ut av planen og tek ut det som har med småbåthavna, så kryssar eg fingre for at Fylkesmannen ikkje kjem med fleire innvendingar :)

Atle oversender dokumentasjon i løpet av neste veke, og eg vert veldig glad om me kan få behandla og godkjent feltet på møtet i Juni :)

Helsing Geir

Den 11.05.2018 01:34, skrev Christian Hagerup Reinshol:

Hei begge to,

Eg har no fått snakka med Fylkesmannen og fått drøfta dette med vegen internt og politisk. Fylkesmannen er diverre ikkje innstilt på å gi seg i denne saka. Eg har drøfta innstillinga internt også og det er ikkje vilje til å ta opp kampen med Fylkesmannen om denne vegen i strandsona. Det er også ein kamp me truleg kjem til å tape om me skulle gå til mekling på dette.

Så eg trur eg berre må skjere gjennom og be om at vegen vert tatt ut av planen om me skal få planen vedteken. Om de får oppdatert plankartet med dette (og tatt ut småbåthamn frå plankartet), kan eg sende over til Fylkesmannen og få dei til å trekke motsegna og eg kan då få skrive opp planen til godkjenning før sommarferien.

Høyres det greitt ut? Eg er vekkrest ei veke no, men kan ta tak i dette om det er klart til eg er tilbake 22. mai.

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 62

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

Fra: Atle Utkilen [<mailto:atle@adu.no>]
Sendt: onsdag 2. mai 2018 08.39
Til: Christian Hagerup Reinshol; Geir Kjeilen
Emne: Re: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen

Hei

Kva skal vi gjera?

1. Ingen ting?
2. Ta vegen ut av planen?
3. Endre vegen til privat veg; knytt til gårdsbruket, men open for ålementa?
4. Andre alternativ?



Med vennleg helsing
Atle Utkilen
Mob 970 67 161

Fra: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Dato: tirsdag 24. april 2018 09:22
Til: Geir Kjeilen <geir.kjeilen@online.no>
Kopi: LPP Nordhordland <atle@adu.no>
Emne: SV: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen

Hei,

Ja, eg meiner småbåtføremålet må vere ok.

Når det gjeld vegen, så er Fylkesmannen prinsipielt mot alle inngrep i strandsona, så om dei ikkje har vore ute, så har dei nok gått gjennom flyfoto og evt skråfoto for området. Eg kan spele inn dette til Fylkesmannen, men sidan ein no regulerer dette store området til bustad, så vil vel kanskje dette med veg knytt til gardsdrift vere vanskelegare å hevde. Kva står att av garden etter utbygginga? Alternativet er vel evt å søke om veg no før planen vert godkjent, knytt til gardsdrifta, om ikkje Fylkesmannen vil trekke seg på dette.

Men eg kan kontakte fylkesmannen om dette og ta ei avklaring internt også.

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 62

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Geir Kjeilen [<mailto:geir.kjeilen@online.no>]

Sendt: tirsdag 24. april 2018 08.10

Til: Christian Hagerup Reinshol

Kopi: Atle Utkilen

Emne: Re: Keilen Vest - tilbakemelding frå Fylkesmannen

Hei.

Måtte la dette synke inn litt.

Det med småbåtføremålet, antar eg er naturleg i og med me fjerna småbåthavna, så det er greit.

Det eg irriterar meg meir over, er korleis Fylkesmannen kan ha noko formeining over korleis vegen fram til kaien vil skjemma området. Han har vel aldri vore på plassen, og eg synes det er merkeleg korleis Fylkesmannen blandar seg inn i det eg meiner burde vore lagt til kommunen.

Når det er sagt, så antar eg det finns ei løysing.

Denne kaien er jo ein del av garden, og eg tek vel ikkje heilt feil når eg seier at dersom garden har inntekter på kaien, kan ein og byggja vei fram til kaien. Dette vert då ein veg på garden. I og med at Fylkesmannen er så opptatt av å halda gardane i hevd, så rekna eg med det går greit. Stemmer ikkje dette?

Geir.

Den 18.04.2018 12:10, skrev Christian Hagerup Reinshol:

Hei,

No har eg fått tilbakemelding frå Fylkesmannen. Dei hadde merknader knytt til veggen som no er vist fram til kaien og i tillegg ynskja dei at heile småbåthamnforemålet vert teke ut frå planen.

I høve veggen så var dei kritiske til landskapsinngrepet denne ville føre med seg og ynskje ikkje denne i strandsona. Eg har ikkje fått diskutert noko rundt dette hjå oss enno, men eg vil rå til at denne vert teken ut sidan Fylkesmannen var så kritisk. Eg argumenterte med at veggen vil gje tilkomst til kaien og også vere open for ålmenta, men eg nådde ikkje fram med dette. Som sagt så kan eg ta ein runde internt om veggen, men eg vil rå til å ta den ut for å få planen i hamn.

Når det gjeld småbåthamna som ligg inne som føremål i sjø, så tenkte eg ikkje over at den låg inne lenger i det heile tatt, så her har eg ikkje følt skikkeleg med. Med tanke på at føremålet småbåthamn elles er teke vekk, vil eg at me berre endrar dette føremålet til vanleg bruk og vern av sjø og vassdrag utan anna føremål. Føresegna som ligg inne var også utforma med tanke på at det skulle vere småbåthamn i området slik eg ser det.

Gi meg ei tilbakemelding når de har fått sett på dette.

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 62

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

